



Steinar Hilde i Filmdigitalisering i Innvik har arbeidsplassen sin rett over tunet, og tek imot kundar og nysgjerrige som har lyst å kike innom.



Arkivet med harddiskar hjå Filmdigitalisering høyrer til inne i desse to gamle banksjafane frå tidlegare Innvik Sparebank. Skulle det brenne på låven, ligg dei trygt innanfor fleire lag med tjukk metall. Til venstre ser du firmabilen for godværsdagane.



Det er greitt med god plass på låven når både arbeid og samlemani går hand i hand.



Denne maskina for digitalisering av 8 mm og 9,5 mm filmar er den nyaste investeringa til selskapet. Her har Innvik Næringsutvikling gått inn med eit tilskot på 100 000 kroner, av totalt 350 000.



Her står Hilde med ein filmframvisar frå tidleg på 1900-talet. Det er nok den eldste maskina i ei samling som tek opp fire rom på låven.

# Steinar brenn for å ta vare på lokalhistoria på film

Langs vakre Innvikfjorden i Stryn kommune finn du eit av få firma i landet som har spesialisert seg på produksjon av lokalhistorisk film, og eit av dei største innan filmdigitalisering. Steinar Hilde har skapt sin eigen arbeidsplass på låven heime i Innvik.

**F.T.: Siri Cecilie Flatjord**

Ideen vart fødd då han i 1999 fann ein koffert med videokasset-

tar. Desse ville han få over på ei datafil for å kunne redigere dei. Dette skulle vise seg å vere noko han verkeleg likte å sysle med, og han fortsatte med det heime i stova i ein periode, med alt av maskiner og leidningar som det medførte. Dette var ikkje kona særleg begeistra for, og han fann seg ein ny plass på loftet til foreldra, rett over tunet. Interesse og oppdraga voks jamt og trutt opp gjennom åra.

**Skjedde fort**

Vi spolar fram til 2011.

– Då kom fatteren og sa at «no trur eg taked i stova dett ned, snart» på grunn av alt utstyret eg hadde skaffa meg etter kvart, seier Steinar og ler hjarteleg.

På same tid stod låven på garden nærast til nedfalls. Den hadde ikkje vore i bruk som driftsbygning sidan 1973, og med unntak av litt utleige til hestar fram til nokre år inn på 2000-talet, var han berre brukt som lager. Låven måtte rivast eller pussast opp.

Då skjedde ting fort. Tak og bordkledning vart skifta, og alt av innvendig inventar og materiale vart rive ut. I 2012 flytta Hilde inn i den delen som var ferdig oppussa. Steinar og faren, med hjelp av ein svoger, gjorde mesteparten av arbeidet sjølve, og det siste rommet stod klart i november 2013.

**Kanapear og champagne**

– Då var eg so lei av å bygge at eg sende av garde ei melding til dåverande ordførar Sven Flo, der eg skreiv at no er eg nett ferdig med å bygge lokale til firmaet mitt heime på låven, og om han kunne kome og klippe snora, seier Hilde og flirer.

Og ordføraren kom. Fredagen etter meldinga var det offisiell opening av Filmdigitalisering i Innvik, med kanapear og champagne, og høgtideleg ordførar-klipping av ei 16 mm filmremse.

I mai 2012, medan oppussinga heldt på for fullt, kom Norge Rundt på besøk til Innvik.

– Etter det tok det litt av. Ikkje noko stod stilt her, med 300 e-postar i innboksen på knappe kvarteret, og ein telefon som eg berre gav opp, seier han.

**Firer ikkje på kvaliteten**

Det var tydeleg at dette var eit tilbod som mange hadde leita etter. Sidan den gongen har det kome fleire til i bransjen, men det er likevel eit lite miljø, med store variasjonar i kvalitet.

– Det er klart at det er mange «kjellarfirma» rundt om kring som kan tilby lågare pris enn kva eg og ei handfull andre seriøse aktørar kan konkurrere på. Men kvalitet kostar, og eg firer ikkje på kvaliteten. Det eg leverer frå meg skal eg vere hundre prosent sikker på er av høgste kvalitet, seier innvikaren bestemt.

For det kostar å halde standarden oppe. Alt av overskot har Hilde pumpa rett inn igjen i firmaet, for å kunne kjøpe nye maskiner og utstyr. Det er blitt henta inn utstyr frå tre verdsdelar for å få den maskinparken som står i Innvik i dag.

Filmdigitalisering garanterer å kunne digitalisere alt av format der ute. Alle maskinene som er rundt han i arbeidsrommet, er i bruk. Nokre gjerne berre ein og to gonger i året, men det er viktig for han å kunne hjelpe dei som kjem innom, same kor eksotisk formatet skulle vere.

**Takknemleg for kona**

– Korleis kan du leve av dette

då, når du set alt av overskot inn igjen i firmaet?

– Nei, det er no kona som trår til då, veit du. Vi vart einige om dette for mange år sidan. Eg sa til henne at skulle eg drive med dette, måtte vi bygge opp firmaet utan å gå i banken, og vi måtte kunne leve på hennar løn, fortel han.

Hilde slit med allergiar, og i jobben som bonde var ikkje det alltid like enkelt. Kona såg dette, og ho såg i tillegg raskt verdien av å ha ein mykje blidare, friskare og mindre stressa mann.

– Steinar har vore sjølvstendig næringsdrivande sidan han var 20, og har ikkje tru på at ein eventuell sjef hadde sett pris på å ha han som tilsett.

– Eg sa til kona at ho berre skulle parkere meg her i låven, ute av syne, so eg fekk styre med det eg ville. Det var ho heilt einig i, og har ikkje angra sidan, ler han.

– Ho er HMS-ansvarleg i selskapet, og det kan eg seie deg, medarbeidersamtalene her er særdeles interessante, smiler han lurt.

**Brem for lokalhistoria**

I tjuve år har Steinar Hilde drive på med dette, og har på den tida sett og høyrte mykje lokalhistorie. Mykje av det forsvinn ut av dørene igjen, når oppdraget er over. Men mykje vel han og å ta vare på. Då spør han kunden om han kan få ta ein kopi og ha det i arkivet sitt. Filmarkivet veks jamt og trutt med verdifull historie.



I dette rommet blir mesteparten av arbeidet gjort. Foto: Filmdigitalisering.

– Alle desse filmene og lydspora er so viktige for ettertida. Det er mange eldre personar rundt omkring som sit på opptak som lar noko om den tida dei levde i. Om desse forsvinn, forsvinn og mykje kunnskap. Dess tidlegare ein får sikra dette og får det over på data, dess meir informasjon sit ein igjen med, seier han engasjert.

**Bygdefilmar**

Lidenskapen for lokalhistorie har òg ført til at han har produsert fleire filmar. Det er ei imponerende rekkje han kan vise til: «Innvik 1» omhandlar lokalhistoria i bygda. «Innvik 2» tar føre seg fabrikkhistoria. «Langvin» hand-

lar om historia til landbruksskula i Innvik. «Olden», som vart laga på oppdrag av Olden Ungdomslag, er basert på over 100 timar med film-materiale som er samla inn i bygda. Vidare finn vi filmen om «Yrineset» og «Historia til Skogstad Sport». Firmaet digitaliserte og leverte òg utstyr til historiefilmen om Oldedalen, «Spor», som hadde premiere på Gulroffestivalen i august i fjor.

– Dette brenn eg verkeleg for, og vil fortsette å produsere slike filmar under mottoet «Kvar bygd sin film», seier Hilde.

«Fjordhesten – Historia i Film» er på lik linje med mange av dei andre filmene produsert av Steinar av materiale som han har samla over ein lengre periode.

Filmen er allereie vist fleire gonger etter premieren på hingsteutstillinga på Nordfjordeid i mai i fjor.

Nokre av filmene er laga på oppdrag, der kunden finansierer prosjektet og sit på rettighetene derimot, er det Hilde og Filmdigitalisering som fullfinansierer. Då eig han filmen, og kan organisere visningar på oppdrag, anten ute hjå kunden, eller i eigne lokale.

**«Utvikfilmen»**

Ein av dei siste i rekkja, og eit godt døme på dette, er «Utvikfilmen» som hadde premiere i påska 2019 i bygdehuset Urda-

brunn, med ekstraframvisning seinare på kvelden.

Filmen vart laga i samarbeid med utvikaren Roger Sevrin Bruland, som er utanrikskorrespondent i NRK.

Den kombinerer opptak frå gamle dagar og nyare opptak frå flaumen som råka bygda i 2017. Her vart det òg sett opp ei ekstraframvisning under «Sommar-dagane i Utvik», der det gamle fabrikkbygget til Dooria vart tatt i bruk som kino.

**Vil forsterke den lokale identiteten**

Det har sin heilt eigen verdi å få sjå bygda si på eit stort lerret på denne måten, der ein kan kjenne

igjen personar, plassar og stemningar som om det var i går.

– Det eg er ute etter, er å gjø folk ei kjensle av lokal identitet. Å kunne vise fram noko som ei heil bygd har vore med og samla i hop, det er fantastisk. Og slike filmar skal sjåast i lag, der ein kan gå ut etter visninga og prate og minnast og vere saman, seier innvikaren med eit tydeleg bankande hjarte for å bevare historia.

Sit du på gamle opptak som du ikkje får spela av lenger, eller har du eit ønske om å skape noko for lokalsamfunnet ditt, då treng du ikkje reise lenger enn til ein koseleg låve i Innvik. Der får du ein kopp kaffi, ein god prat og hjelp til å ta vare på historia.

Filmdigitalisering AS

Viser

"Fjordhesten - historia i film"



Filmdigitalisering AS har henta bilde og film i sitt arkiv, og produsert ein historie-film om fjordhesten. Historia går tilbake til Rimfakse striden, og fram til vår tid. Filmen hadde premiere på hingsteutstillinga i Nordfjordeid 1 mai 2019.

Filmen om fjordhesten er eitt av prosjekta som er sett saman av arkivmateriale som er samla inn over ein lengre periode.